


Vedlegg 1. STATUSRAPPORT/ SISTE NYTT

Stiftinga Sentralbadet Litteraturhus har etablert eit dedikert venelag som stiller opp på dugnader, anten det gjeld byggearbeid, gjennomføring av arrangement og vaktilsyn med huset. Saman med eit arbeidande styre og ein vaktmester på NAV-tiltak har vi no eit driftsystem som fungerer for huset. Alt arbeidet gjerast framleis på dugnad. Vi har ikkje faste driftsmidlar, men baserer drifta på utleige og arrangement.



2. ETG I BRUK

Hausten 2015 pågjekk eit nytt byggjeprosjekt i Sentralbadet: ferdigstilling av el. anlegg, lukke tak i 1. etg., installasjon av heis til 2. etg., og som følge av det: klargjering til arr. under Litteratursymposiet i sal i 2. etg. (med midl. bruksløyve).

Med enkle midlar tok vi i bruk større deler av huset, alt med universell utforming. Odda kommune løvvde i 2014 350.000 til inventar (stolar) og opprustning av bygget, saman med 500.000 frå fylket.

Salen i 2. etg er ikkje restaurert, men vegger er prima og dei mest øydelagde golvlisene er bytta ut.



Under Litteratursymposiet i fjor haust vart alle arr. på dagtid gjennomført oppe. Det frigav 1. etg. til kafe og bokhandel, og ein slapp kome rett inn i lokalet under arr.

STYRT UTVIKLING

Under eit styremøte i vinter diskuterte vi vegen vidare. Vi samlast bak parolen «Styrt utvikling», og har jobba mykje i vinter med å styrka Sentralbadet og skapa ny giv for huset

Fritt ord løvvde i mars 100 000,- til ei arrangementsserie i litteraturhuset i 2016. Ambisjonen er eit månadleg arrangement. Første arr. er gjennomført, og fleire er under planlegging.

Parallelt med å auka aktiviteten ser vi eit behov for å utrusta huset betre. Huset er midlertidig utrusta, men det er krevjande å gjennomføre arrangement, då mykje utstyr manglar. Vi har til no lånt og leigd anlegg ved behov, gjennom ein avtale med Odda kommune om ein av dei tilsette ved Meieriet kulturhus, som har hatt ei vaktmesterrolle, og som har framskaffa utstyr derifrå ved behov. Det er no høgt prioritert å få på plass ein del utstyr som kan gjere huset meir bruksvenleg, og stiftinga sjølvforsynt med utstyr.

Vi har fått tilskot frå Norsk Kulturråd, Rom for kunst, (165 000) til deler av desse investeringane.

The screenshot shows a news article from a local newspaper. At the top, there are navigation icons for the app store, battery level, and signal strength. Below that is a large image of a building at night. The main text of the article is in Norwegian and discusses the building's development, mentioning funding from the National Endowment for the Arts and other activities. There are also smaller images of people and the building.

I førre veke (28. april) var vi med på prisutdeling i regi av Sparebanken Vest sitt gåvedryss «Hjartbank for Hardanger», der vi fekk 100 000,- i gáve til huset og stiftinga.



Vi opplever auka interesse for bruk av huset: både til kurs/ møte og selskap i lukka lag, og som arena for opne arrangement: I helga og på 1. mai 2016 var huset arena for deler av den nystarta Jernrosa poliske litteraturfestival, NVIM har hatt fleire av sine Salongpratar i huset, Harding Puls hadde nyleg samling der osv.

VEGEN VIDARE/ AMIBISJON PÅ SIKT

I ein 5 års perspektiv er ambisjonen å slå saman stiftinga for litteraturhuset og Litteratursymposiet: Litteraturhuset i Odda spring direkte ut ifrå Litteratursymposiet i Odda, den årlege festivalen i oktober. Litteratursymposiet i Odda har stabilisert seg som ein av Noregs mest særeigna litteraturfestivalar, eit regionalt kraftsenter og knutepunkt for kultur og litteratur. Arrangementet er viktig i omdømmebygging og utviklinga av det moderne Odda. Litteratursymposiet har kvart år vist evne og vilje til å skape vekst i program, publikum, omdømme og økonomi.

Det er mye som tyder på at symposiet no har nådd ei grense for kva ein kan oppnå med dei økonomiske rammene som er gitt, personalressursar og knapp overnattingskapasitet. **Vekstambisjonane er der like fullt, og ein naturleg konsekvens er å utvide aktiviteten utanom dei 5 dagane symposiet varer, gjennom månadlege litterære arrangement i Sentralbadet Litteraturhus, og å nytta den etablerte festivalen som motor i vidare utvikling av området rundt Smelteverksporten/ Lindepllassen.**

For å kunne oppretthalde festivalen på det nivået den no har etablert seg på, og med ambisjonar for vidare utvikling, er ein avhengig av å auka administrasjonen utover dei 50 % til festivalleiar. Det er her vi ser ei kopling til Sentralbadet og til den generelle satsinga på litteraturturisme, og muligheter for å nytta ressursane betre. Hyppigare frekvens på arrangement og jamn aktivitet vil også føra oss nærmare vårt overordna mål om å bli ein vere ein nasjonal møteplass for litteratur- og samfunnsdebatt.